



Notat

Dato: 05.02.2015
Arkivsak: 2014/989-16
Saksbehandlar: ingskei

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Disponering av innsparte midlar etter streik

I saksprotokollen frå fylkesutvalsmøtet 29.01.2015 står det slik:

«Delegerte saker 1/15 og 3-6/15 vart refererte.

Rasmus Laupsa Rasmussen viste til DS 2/15 "Trekking i løn etter streiken – budsjettendring", og problematiserte at 10,4 mill. kr av det samla trekking i budsjetta for skulane som var råka av streiken i sommar ikkje er tilbakeført til skulane.

Rasmus Laupsa Rasmussen sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalget ber om at DS 2/15 settes opp på sakskartet som politisk sak i neste møte i fylkesutvalget."

Røysting

Rasmussen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (H).

Vedtak

Fylkesutvalget ber om at DS 2/15 settes opp på sakskartet som politisk sak i neste møte i fylkesutvalget.»

I den delegerte saka har fylkesrådmannen trekt ut 14,4 mill. kr frå skulebudsjetta. Av dette vart 4 mill. kr sett av til opplæringavdelinga for å dekkja ekstra undervisning. Dette vart gjort i samråd med opplæringsavdelinga, ut frå deira overslag over behov. Resten, 10,4 mill. kr, vart ført tilbake til lønsavsettjingskontoen, som dermed vil vise ei tilsvarande større innsparing i 2014.

I desse dagar er ein i ferd med å avslutte rekneskapen for 2014.

Gjennom året har ein rapportert om svikt i billettinntektene hos Skyss og svikt i skatteinntektene. Ein har rekna med at svikten på inntektssida delvis ville bli motverka av innsparing i renteutgifter og løn (i hovudsak som følgje av streik). Nokre dagar før sluttstrek er sett, kan det sjå ut til at innsparingane vert noko større enn rapportert og at ein dermed vil få eit rekneskapsresultat nokså nær balanse.

På bakgrunn av diskusjonen i fylkesutvalsmøtet 29.01.2015 har fylkesrådmannen sett av 10,4 mill. kr på eit eige disposisjonsfond.

Fondsavsetjinga har direkte konsekvens for rekneskapsresultatet i form av lågare overskot eller eventuelt høgare sum som må strykast av overføring av driftsmidlar til investeringsrekneskapen. Fylkesrådmannen synest det kan vere naturleg å koma attende til disponering av den avsette summen i samband med handsaming av rekneskapen i mai/juni. På det tidspunktet vil ein også ha oversyn over kor store fondsmidlar skulane og opplæringsavdelinga har igjen ved utgangen av 2014.